

Kyrkje- helsing

Kyrkjelydsblad for Osterøy

nr. 5 - Julia 2006


*Maria-barnet
(Hamre kyrkje)*



Ved.
Olav Meltvik



Jul med ljøs og frelse



Dette vert skrive ein gråversdag i slutten av november, og førjulsstemninga hev ikkje heilt meldt seg endå. Men no laurdag 25. november skal eg leia eit førjulstreff for pensjonistane på Tysse , i Tysse bedehus. I alle dei 15 åra me hev hatt dette førjulstreffet hev me alltid opna med å syngja "Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderum ". Og då plar førjulsstemninga koma. Eg hev gode minne frå den gongen eg lærte denne salmen, og hev vorte meir og meir glad i både teksten i dei 8 versa og i melodien.

På mine eldre dagar, når jula nærmar seg kjem det fram mange minne frå barndomens jul og seinare. Mange fine og gode minne også frå tida våre eigne born voks til og gledde seg til jul. No i mørketida er det godt å kunna kveika ljøs. Og julaftan kveikjer me alle ljøs."dei skin i kvar ei krå" står det i ein julesalme.

Og ved det at Jesus vart fødd kom det ein straum av liv og ljøs og varme, kjærleik og von. Var ikkje Jesus komen til verda hadde me ikkje visst om at Gud Fader i himmelen er glad i oss og vil frelsa oss.

No lyser vona om evig liv frå hans frelsesverk. Ljoset frå Betlehem hev vorte spreidd over heile verda. Og dette er eit ljøs som ikkje skifter med ulike årstider.

I evangeliet etter Johannes står det i Joh. 1. 9 : "Det sanne ljøsot som lyser for kvart menneske , kom no til verda." Ikkje alle tek i mot dette ljøsot. Men det står og vidare i Joh. 1. 12. : " Men alle som tok i mot han, dei gav han rett til å verta Guds born, dei som trur på namnet hans : " Å tru er viktig her.

Mitt juleynskje i år får då vera at me alle må tru og taka mot denne store julegåva Gud hev sendt oss. Den største julegåva av alle.

Redaksjonen ynskjer alle ei velsigna julehelg !

Full av nåde

"Eg har aldri møtt ein person som utstrålar meir godheit enn Jesus. Difor vil eg at barnet mitt skal bli døypt. Eg vil det aller beste for mitt barn. Ingen ting er betre då enn at barnet mitt skal bli kjent med ein som har ei slik utstråling. Når eg smilar til barnet mitt, smiler han igjen. Men eg vil at han skal få sjå Guds smil og då treng eg kyrkja si hjelp".

Omtrent slik ordla han seg faren som kom med sitt første barn til dåpen. For ei tillitserklæring! Men klarar vi som kyrkje å formidle Guds fadersmil?

Jula og julebodskapen hjelper oss med det. I jula blei Guds inste vesen avdekka. Her blei Guds kjærleik synleg. "Ingen har nokon gong sett Gud, men Jesus har vist oss kven han er". Slik les vi i apostelen Johannes sitt juleevangelium (Johs 1,18).

Gud møter oss i mennesket Jesus. Det er eit mysterium. Ved krubba skal vi få stå og undre oss. Her skal vi få sjå Guds kjærleiks barnearmar bli strekte mot oss. Dei innbyr oss til å strekke ut våre hender og ta imot denne ufattelege kjærleiken.

Jesu liv har eit mål: Å vise Guds rause, utømmelige, grenselause mors og fars kjærleik til oss. Ingen ting viser den rause Gud på ein finare måte enn å sjå korleis Jesus møtte menneske. Han utstrålte godheit og varme.

I ein konfirmantklasse plukka vi ut nokre forteljingar der Jesus møtte menneske i ulike livssituasjonar. Oppgåva til konfirmantane var å prøve leve seg inn i situasjonen og skrive kva desse personane sa etter sitt møte med Jesus. Ein konfirmant svarte slik: "Han stansa og såg meg. Hjarta mitt slo. Eg opplevde det som om det var berre han og meg i heile verda. Aldri har nokon møtt meg som han. Aldri har nokon sett meg som han. Og det som var stort for meg, var at han såg på meg som om han hadde kjent meg heile livet. Og det med respekt".

"Vi såg hans herlegdom (glans, utstråling), full av nåde.... Av hans overflod har vi alle fått, det er nåde over nåde", seier apostelen Johannes (Johs 1,14+16).

Ordet nåde heiter på latin: gratia. Dette liknar på vårt ord: gratis. Nåden er ei gåve som kostar alt for den som gir og ingenting for den som tek i mot. Jesus er givar og vi skal få rekke våre hender fram som tomme skåler og ta imot. Nåden handlar om tilgjeving og forsoning.

Nåden fortel meg at ikkje noko av det eg har gjort får Gud til å elske meg mindre. Men heller ikkje noko av det eg har gjort får Gud til å elske meg meir. Hans nåde må vi bare undre oss over. Eg er så glad for at eg er blitt kjent med den rause Gud.

Helge Hitland

OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

Mailadr: kyrkje@osteroy.kyrkja.no

Heimeside: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Ruth Hauge	56 19 22 73
Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Vikarprest	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

OSTERØY PRESTEGJELD, TILSETTE/RÅD OG UTVAL:

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellelsråd:

Leiar: Roger Breivik

Nestleiar: Anne Mari Persen

Jostein T. Reigstad

Tove Mostrøm Fjelstad

Frode Johnsen

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Roald Hauge

Hosanger: Katja Litland

Hamre: Tove Klepsvik

Haus : Madli Hannisdal

Bruvik: Johannes Melve

Kyrkehelsing redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik

Tlf. 56 39 52 27

Johannes Melve

Elna Mjelstad

Øyvind Vevle

Juletradisjonar

Redaksjonen har fenge løyve av Ester Mæhle til å saksa dette ho har skrive i boka: Or omnskråa..

Somme av dei tradisjonane som høyrer jula til, har fylgt oss sidan dei feira vintersolkverv i heidensk tid. Tidlegare snakka dei om vonde og gode vette. Kristentrua snakka om vonde ånder. Det var ikkje lett å forstå. Og det er slett ikkje lenge sidan trua på dei underjordiske var levande. Her var hulder, tunkallar og nissar. Nissen er den som har vore seigaste, og som fylgjer juletradisjonane framleis på eit vis.

I min barndom som stara i 1919 fanst det ei skræmsle som dei kalla julereia. Denne skapningen for kringom rundt juletider og tok med seg borna, dersom dei ikkje var snille. Mange har vonde minne etter julereia sine åtak. Dette var litt av den tida si mobbing, lenge før dette ordet var teke i bruk.

Ei av dei mest handfaste forteljingane eg har høyrte om julereia, er at ho ein gong køyrde seg fast i ei gardkinning i Gjerstad sokn ein stad. Mannen som kom henne til hjelp, fekk ein gullring for bryet, heiter det.

Det elektriske ljuset som kom til bygda vår omlag på same tid som eg kom til, har nok sett ein støkk i julereia og jaga henne ut or folkefantasia.

Det var mange ting som måtte gjerast før jul. Kvinnene måtte kara og spinna, bruka vevstolen og strikkepinnane flittig. Så var det vasking og baking. Karane hadde sitt husflidsarbeid. Heime gjekk det mykje på bøting av garn og laksenøter. Og så var det veden i ei tid husa ikkje var godt isolerte. Eit arbeid som var visst til jul, må ein vera litt opp i åra for å hugsa. Til jul skulle det bytast halm i alle sengene og sjølv sagt ha reine sengkleda på. Dette vart gjort om hausten og til jul. Ingen som har opplevd å få leggja seg i ei seng med nyopp-rista halm i, kan gløyma kor spennande og koseleg det var å kjenna kor halmen gav etter til ein liksom fekk plass til heile seg nedi der. Men halmen me fekk inn til jul, hadde lege i løa eller på ein skukk i nærleiken av der buskapen heldt til. Det var kan henda årsaka til at var ekstra mange lopper i denne halmen. Når ein på toppen fekk ei ny ullskjorta på til jul, var julemoraa sikra. Heldigvis er både halmen og loppene berre eit minne som ein på god fråstand, kan skjemma om.

Julaftan skulle me vaska golva og pussa slike ting som var av kopar eller messing, og sylvtøy om slikt var til. Dette var tradisjonen at me skulle gjera før

det vart ljost om morgonen. Sidan pynta me til dømes med ei sort kreppapir kring blomsterpottene i vindaugo, og så pynta me juletre.

Til middag fekk me risengrynsgraut med saft til. Etter middag var det tid til å vaska og byta klede, slik at me var ferdige til dampen kom frå byen. Med den

kom syskina mine, somme frå byen og nokre frå Salhus. Då var jula der, og eg kan mest enno kjenna lukta av nymalen kaffi og heimebakte julebrød berre eg tenkjer tilbake.

Etter kveldstellet i floren var unnagjort, kunne julefeiringa ta til. Det starta med julebord, og menyen var alltid lutefisk eller nakkar med poteter til. Heimelaga smør, flatbrød og bløytte lefser høyrde til. Tradisjonen måtte fylgjast ved bordet. Me song ein salme, og deretter las far juleevangeliet. Eg har ofte tenkt på om han las noko meir, enn om det berre var eg som tykte han aldri vart ferdig. Ikkje før me hadde fått kaffi og julekaker kom høgdepunkta. Me gjekk kring juletreet og song. Alle var med, og me var mange. Eg var nr. 9 i rekkja, så var det mor og far og besta, og ofte ei tante. Seinare kom kjærstar eller ektemakar til, så ringen kring treet rakk. Gåveutdelinga tok ikkje lang tid, og det var helst mjuke gaver. Juleleistar er ei omgrep som mange ostringar veit kva er. Frukt og nøtter avslutta menyen. Dei fleste var så trøytte at senga var god å ty til. Skikken var at me ikkje skulle sløkkja ljuset julenatta. Eg spurde far kvifor, og fekk dette svaret. Det skulle vera lys i alle rom, slik at det synte at me venta ein usynleg julegjest.

Juledagsmorgon kom far og mor kringom til oss med sjokolade og julebrødskiver og ynskte oss god jul. Dette var ein skikk eg har høyrte dei hadde mange stader på Osterøy. Når me kom oss or senga, var frukostbordet duka. Me kunne ikkje sova dagen bort, for denne dagen gjekk dei fleste til kyrkja. Juledag var ein dei dagane dampen gjekk til Hamre, elles var det påskedag og



konfirmasjonsdag. For oss av gamal årgang som har vakse opp ved sjøen, er dampen eit sakn me vanskeleg kjem over. Første juledag var skikken at utanom kyrkjegang skulle me ikkje gå ut. Dette var ikkje lett, særleg dersom me hadde fått eitkvart me burde ha synt fram til naboungane. Men andre juledag tok liksom alle dette igjen. Borna gjekk julebukk, og ungdomane gjekk på juleradl, kva enn det måtte vera.

Seinare var det julefestane i tur og orden. Kvar bygd og lag hadde sine faste julefestdagar, så slapp dei kunngjera desse. Fjerdedagsjul var det barnefestane, men elles ymsa det litt, slik at ungdomane kunne rekkja over å gå i fleire bygder. Festane hadde sitt faste opplegg. Det var ein solid tale, song kring juletreet og mat.

Det hende somme bad oss borna på julebesøk, og det var ekstra gildt. Me fekk mat, og me fekk gå kring juletreet, og me fekk leika. Håa naboen

vår, dei Guttorm, som me sa, hugsar eg særleg godt. Dei var så gamle at alle deira born var vaksne, men dei bad oss inn og hygde for oss. Det står ein ekstra glans over minnet etter Guttorm og Brita.

Eg nemnde til å byrja med at somme rare skikkar kunne hanga igjen lenge. Ei som var fødd i slutten av 18-hundretalet fortalde meg at julafta var skikken at dei skulle drikka noko dei kalla elberminne. Eit rart ord. Dette gjorde dei som fylgjer. Det hadde eit staupe med øl som dei drakk litt av. Så tok dei staupe mellom tennene og kasta det attom seg. Dersom staupe kom ned ståande tydde det ein ting, kom det liggjande ein annan. Den eine tingen var at dei ikkje skulle leva til neste jul. Slike skikkar fylgde det både uhygge og redsle med. Her kan ein trygt snakka om overtru i staden for tru på julebodskapen som har fred med.

"Kyrkjefest for Nordhordland prosti" 18. februar 2007

Stad: Nordhordland folkehøgskule - Open for alle

Program for dagen:

- Kl 12:00 Velkomen til kyrkjefest. Song - musikk
Kl 12:30 Foredrag - "Saman som forvaltarar" v/Atle Sommerfelt frå KN
Korsamling for born v/Ingrid Kvam Steinshamn
Kl 13:30 Suppe
Kl 14:30 Seminar
a) Misjon – misjonskyrkjelydar
v/Berge Toppe, Gunvor Taule Mjanger og Frank Rune Dale
b) Fasteaksjonen v/ Hege Feet og Egon Askvik
c) Søndagsskulen i moderne tid v/Nils Arne Lavik + "Løvegjengen"
d) Modellar for gjevarteneste i kyrkjelydane
e) Syng med oss – vi syng nye songar til bruk i gudstenesta.

Under seminara vert det idrettsaktivitetar i idrettshallen for borna
v/Truls Corneliussen

Kl 16-17 Familiegudsteneste v/Lisa og Anders Magne Tolås Wendel
Borna frå korsamlinga deltek

Dei sokneråda som får alle sine medlemmar til å delta og dei 2 sokna som får flest deltakarar i forhold til innbyggjartalet, i tillegg til soknerådsmedlemmane, vil få kvar sin overraskingspremie.

Min julesalme

ved Olav Meltvik


Også i år hev me teke ein runde med tre spørsmål om julesalmar til ein person i kvar kyrkjesokn.

Her er spørsmåla :

1. Kva for ein julesalme lika du best den tida då du var barn ?
2. Kva var det som gjorde at du vart glad i nett denne julesalmen ?
3. Likar du framleis best denne julesalmen eller er det ein annan du likar betre no ?

Johannes Torp, Haus sokn :

1. Eg er så glad kvar julekveld, for då vart Jesus fødd. Då lyste stjerna som ei sol, og englar song så søtt.
2. Denne songen tolka så fint mine egne kjensler. Julekvelden var gledesfesten som eg såg fram til. Sjølv om det ikkje var så mange julegåver, så var det helg og høgtid i heimen.
3. Eg likar framleis denne julesalmen, men med åra har eg meir og meir fenge augo opp for Blix-salmen "No koma Guds englar". Guds fred er sentral i alle versa, med høgloving av Jesus som fredsfyrste. Siste verset er som ein konklusjon på det heile :
"Den freden meg fylgje frå vogga til grav. Meg hugge i såraste suter! So segjer eg når eg frå verdi fer av og døyande hovudet luter: Guds fred og farvel! No sovnar eg sæl. Vår fredsfyrste høgt vere lova ."



Wenche Fiskeseth, Bruvik sokn :

1. Det var "Deilig er jorden". Jeg husker den frå jeg var ganske liten da hele familien var samlet julaften og gikk rundt juletreet. Den var så lett å synge, selv om teksten den gang virket noe vanskelig. Derimot kunne de voksne den, alle versene !



2. Den har på en måte fulgt meg. Da vi begynte i tredje klasse på folkeskolen og alle fikk blokkfløyte var det en julesalme vi lærte. Seinere, når vi dro rundt og var et fløyteorkester som spilte for eldre, i kirker og på sykehus var alltid "Deilig er jorden" på programmet.

- 3 Fremdeles, den dag i dag, virker denne salmen inn på meg. Den gir meg gode tanker og følelser. Det er liksom ikke jul før den er fremført. Jeg tror at mange har det som meg og føler at ordene "fred på jorden- menneske fryd deg" har en mye dypere betydning i dag enn noen gang tidligere. "Deilig er jorden gir meg virkelig følelsen av jul.

Svanhild Hjellvik, Hamre sokn :

1. "Eg er så glad kvar julekveld."
2. Det var vel den første julesongen me lærte.
3. Eg likar nok den framleis, men seinare vart det fleire, både gamle og nye, og etter kvart så mange fine at det er vanskeleg å velja. Likevel, dei seinare åra er det ein som har fått 1. plassen for meg. Det er "Mitt hjerte alltid vanker", særleg dette verset :
"Å kom jeg opp vil lukke mitt hjerte og mitt sinn og full av lengsel sukke : kom Jesus dog her inn! Det er ei fremmed bolig, du har den selv jo kjøpt! Så skal du blive trolig her i mitt hjerte svøpt!"
Bibelordet seier at alle dei som tok i mot han, dei gav han rett til å verta Guds barn.



Marta Revheim, Gjerstad sokn :

1. Det er eit vanskeleg spørsmål å svara på. Eg har alltid lika å syngja julesongar. Men eg trur det må verta: "Eg er så glad kvar julekveld.



2. Her er det små vers som er lette å læra for den som er liten. Mor song alle julesongane for oss medan ho dreiv på med julebaksten. Snart kunne me og mange av versa. I songen fekk me læra kvifor me feirar jul.
3. Ja det gjer eg. Men og mange andre. Ein av dei er : "Det har ei rose sprunge ut av ei rot så grann." Den er så vakker.

Randi Meltvik, Hosanger
sokn :

1. Då eg var liten lika eg best : "Jeg er så glad hver julekveld."
2. Den er lett å læra og så god å syngja at vi ofte song alle 9 versa.



3. No likar eg godt: "Maria var ei møy så ren. Kyrie eleison ! Maria trådte på torn og sten der hun vandret trett imot Betlehem. Jesus og Maria.
Den lærte eg i eit kor eg var med i. Det var så fint når alle stemmene kom inn med "Kyrie eleison" og "Jesus og Maria".

Redaktøren kan, ut frå dei innkomne svar gjennom dei 8 åra denne serien har vore i julenr. av "Kyrkehelsing", slå fast at fleirtalet minnest at dei lika best "Eg er så glad kvar julekveld". Dette er og den julesalmen eg hugsar best frå dei første barneåra.

Ny prest på plass

Inge Sørheim vert innsett som sokneprest i Hosanger og Hamre sundag 21. januar. Prost Helge Hitland vert med på gudstenesta som vert i Hamre kyrkje kl.11.00. Etter gudstenesta vert det kyrjekaffi

Ta vel imot den nye presten som får tenesta si i heile Osterøy. Sjølv om han får spesielt ansvar for Hamre og Hosanger, vert tenesta i heile prestegjeldet.

Takk til vikarprest Lars Arne Vik

Frå 1.august har **Lars Arne Vik** vore vikar i Hosanger og Hamre. Han vert her til og med januar 2007. Han har trivest i tenesta, og me vil takka han for vel utført teneste.

Prostifest

Prostirådet har vedteke å endra prostidagen, oftast ein laurdag i mars, til sundag og skapa ein kyrkjefest for heile prostiet. Generalsekretær Atle Sommerfelt frå Kirkens nødhjelp vert med. Eige opplegg for borna vert det òg. Nordhordland Folkehøgskule tek imot alle som vil vera med, sundag 18.februar kl.12-16.

For å samordna skyssen kan alle som vil vera med, ringja kyrjekontoret innan 15.februar. Tlf. 56192280. Her i prestegjeldet vert det inga gudsteneste denne dagen. Me oppmodar alle til å koma til Frekhaug denne dagen.

Sjå eiga annonse om kyrkjefesten !

Bibeldagen 2007

For å vera med på Bibeldagen, vert det eit tverrkyrkjeleg samling i Sion, Bysheim sundag 4.februar kl.17. Nærare om bibeldagssamlinga i lokalpressa.

Nils Tore Andersen ny leiar på kyrkjemøtet.

Kyrkjemøtet 2006 valde Nils Tore Andersen til leiar etter Thor Bjarne Bore.

Den saka som samla mest interesse, var korleis kyrkjemøtet ville ha tilhøvet stat/kyrkje. Det store fleirtalet gjekk inn for ei lovfesta folkekyrkje, det same som Bjørgvin bispedømeråd gjekk inn for tidlegare i haust.



Velkommen til kyrkja

17.desember 3.sundag i advent. Matt. 24,1-14.

Tysse bedehus kl.11.00. Gudsteneste. Vik.

Bruvik kl.17.00. Lysmesse og jolekonsert.
Melve : Haus musikklag.

Julaften (og 4. sundag i advent!), 24. desember: Luk 2,1-14 Mi 5,1-4a

Bruvik kl. 12.30 Gudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp

Gjerstad kl. 14.30 Gudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp

Hosanger kl. 14.30 Gudsteneste. Vik. Takkoffer til Kirkens nødhjelp

Hamre kl. 16.00 Gudsteneste. Vik. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Haus kl. 16.00 Gudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp

25.desember 1.joledag Joh.1,1-14.

Haus kl.11.00 Høgtidsgudsteneste.
Melve. Nattverd. Takkoffer til NMS

Hamre kl.11.00 Høgtidsgudsteneste Vik.
Nattverd. Takkoffer til NMS.

26.desember 2.joledag Ap.gj.6,8-15

Gjerstad kl.11.00. Høgtidsgudsteneste.
Melve. Nattverd. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til NMS.

31.desember Nyårsaften. Luk.13,6-9.

Hosanger kl.23.00 Midnattsmesse. Melve.
Takkoffer til NKSS.

7.jan. Kristi openberringsdag. Matt.2,1-12.

Hosanger kl.11.00. Høgmesse. Melve.
Nattverd. Takkoffer

Haus kl.17.00. Gudsteneste. Melve.
Nattverd. Takkoffer til "Familie og Media".

14.jan. 1. sundag etter Kristi openberringsdag. Luk.3,15-17.21,22.

Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Vik. Nattverd.
Takkoffer til Israelsmisjonen

21.januar 2.sundag etter Kristi openberringsdag. Joh.2,1-11.

Hamre kl.11.00. Innsetjingsgudsteneste.
Prost H. Hitland og sokneprest Inge Sørheim.

Nattverd. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer. Kyrkjekaffi.

28.januar Vingardssundagen. Matt.20,1-16.

Gjerstad Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Bibelmisjonen.

4.februar Sámannssundagen. Luk.8,4-15.

Haus kl.11.00. Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av "Godt nytt" til elleveåringane. Takkoffer til Bibelmisjonen. Kyrkjekaffi.

Hosanger kl. 11.00. Familiegudsteneste. Velkomst for sokneprest Inge Sørheim. Dåp. Utdeling av "Godt nytt" til elleveåringane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Sion kl.18.00 Bibeldagsmøte.

11.febr. Kristi forklåringsdag. Matt.17,1-9.

Bruvik kl.11.00. Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av "Godt nytt" til elleveåringane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet Kyrkjekaffi.

Hamre kl.11.00. Familiegudsteneste. Sørheim. Utdeling av "Godt nytt" til elleveåringane.

Gjerstad kl.16.00. Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av "Godt nytt" til elleveåringane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

18.februar. Sundag før faste (Fastelavn.) Luk.18,31-43.

Frekhaug kl.12.00. Kyrkjefest for Nordhordland. Generalsekr. Atle Sommerfelt frå Kirkens nødhjelp m.fl. er med.

21.februar Oskeonsdag. Matt..6,16-18.

Haus kl.19.00. Fastegudsteneste. Melve og Sørheim. Nattverd. Konfirmantane deltek. Takkoffer til Kirkens bymisjon. Fastesuppe i kyrkjelyds-

Kyrkjeskys til Gjerstad

Namna no :

Roald Hauge tlf.56 39 45 07

Ingunn Mæstad tlf.995 41 245

huset etterpå. Årsmøte i kyrkjelaget.

25.februar 1.sundag i faste. Matt.4,1-11.

Hosanger kl.11.00. Høgmesse. Sørheim. Nattverd. Takkoffer til Redd Barna.

4.mars 2.sundag i faste.1.Mos.32,24-30.

Bruvik kl.11.00. Høgmesse. Sørheim. Nattverd. Takkoffer til Bibelmisjonen.

Julekonsertar m.m.

Torsdag 7. desember 2006:

Hamre kyrkje kl. 19.00

JULEKRYBBEFØREDRAG Foredrag ved Vigdis Berland Øystese: iAdvents- og julesalmar! Tilskipar: Hamre sokneråd.

Fredag 15. desember 2006:

Haus kl. 19.00:

Julekonsert. Tilskipar Haus musikklag i samarbeid med Haus sokneråd.

3. sundag i advent, 17. desember 2006:

Bruvik kl. 17.00

Julekonsert og lysmesse.

Hamre kl. 19.30

Julekonsert.

Tilskipar: Kammergruppa Reppen i samarbeid med Hamre sokneråd.

Gjerstad kl. 20.00

Julekonsert.

Tilskipar: Osterøy Janitsjar i samarbeid med Gjerstad sokneråd.

Tysdag 19. desember 2006:

Hosanger kyrkje kl. 19.00

Julekonsert.

Tilskipar: Fotlandsvåg musikklag i samarbeid med Hosanger sokneråd.

Kyrkjeskysst til Haus:

Maria og Johannes Hundhammer,
tlf. 56 39 00 33.

Sigrid Mjelde, tlf. 56 39 01 04.

Anne Karin og Einar Rivenes,
tlf. 56 39 04 52.

Madli og Olav Hannisdal,
tlf. 56 39 43 21.

Hamre kl.19.00.

Gudsteneste. Sørheim.
Nattverd. Takkoffer

11.mars 3.sundag i faste. Luk.11,14-28.

Haus kl.11.00.

Familiemesse. Melve
Nattverd. Dåpsskule-
avslutning. Kyrjekaffi

Gjerstad kl.17.00.

Gudsteneste. Sørheim.
Nattverd. Takkoffer til
Institutt for sjelesorg.

No lyder ein song

av Oddmund Haugen

No lyder ein song

frå ytarste verda

til inste grend.

Det kimar i klokker.

Ein bodskap vert send.

Ei fredshelsing strøymmer

til heimleg jord

og stryk våre sinn

med så kjærlege ord.

Det året som gjekk

gav oss glede og sut-

men jola ber vona

til menneske ut.

Høyr lyden av song.

Høyr lyden av ord.

Sjå strålar av ljøs

som gjev høgtid på jord.

Dei klokker som kimar

frå syd til nord-

ber bod om Guds kjærleik

til liten og stor.

Ha takk Far i Himlen

som gav oss von

Ha takk for di omsorg.

Du sende din Son.

Med fredshelsing kjem du

til heimleg jord

og stryk våre sinn

med så kjærlege ord.




50-års konfirmantar i Hamre

1. rad frå v. Hilda Dagny Eidsnes, Margunn Aslaug Torskhelder, prest Lars Arne Vik, Svanhild Ingerid Nordland Eknes, Asta Karin Sudmann Stockmann.
2. rad frå v. Kjellaug Petra Flesland Vindal, Marit Mjelde Skjerpung, Tove Rundhovde Larsen, Jostein Kallekleiv, Arnhild Kålås Tell, Else Jorunn Hopsdal Kringstad, Grete Bransdal
3. rad frå v. Ivar Ole Tvedt, Arvid Reigstad, Olav Emil Midtgård, Magne Angelskår, Gustav Eide, Malvin Martin Leknes.
4. rad frå v. Jon B. Daltveit, Nils Ivar Østerbø, Rolv Valestrand, Harald Øvstegård, Svein Lyder Slettebakken.

Foto: Fotograf Rune Solberg

Dåp

Det høver med dåp desse dagane:
 Hamre: 25/12 og 11/2
 Gjerstad: 26/12 , 14/1 og 11/2
 Hosanger: 4/2
 Haus 25/12 og 4/2
 Bruvik: 11/2



På motstående side: 50-Års-konfirmantane i Hosanger møttest 3. september. Her er dei samla utanfor Fjordslottet i Fotlandsvåg. Prost Kåre Mestad i midten.
Foto: Normann Eknes.



50-års konfirmanter i Bruvik

1. rad frå v. Kari Hekland Bruvik, Ingrid Lillian Vedå Helland, prest Johannes Melve, Marit Stokke, Haldis Hana Skulstad. 2. rad frå v. Valborg Skjerping Langhelle, Kjell Martin Bruvik, Oddvar Karsten Stokke, Arne Bertin Løvteit, Nelly Annlaug Langhelle Farestveit. *Foto: Fotograf Rune Solberg*



Et møte på sjømannskirken i Dubai

Tekst: Anne Skeie

Brigt lurar på om misjonsbefalingen muligens ble gitt i Kvam. Bernt strever med å telle opp antall utsendinger. De konkluderer med at det langt overstiger 12.

Bernt Skutlaberg som har misjonærbakgrunn fra Ecuador og etter mange år i Norge er ute for Kirkens Nødhjelp i Asmara i Eritrea, og Brigt Sigve Skeie som har misjonærbakgrunn fra Japan og etter mange år i Norge er ute for Sjømannskirken i Dubai i De Forente Arabiske Emirater. I hver sin ende av en sofa på sjømannskirken i Dubai sitter 2 erfarne gutter fra samme ungdomsmiljø, med litt over 100 år levd liv til sammen og erfaringer fra Europa, Sør Amerika, Asia, Afrika og den Arabiske verden. Det er litt av et møte som skjer i Dubai mellom to kvemminger. 2 og 1/2 time tar flyturen, mellom Asmara og Dubai. 2 og 1/2 time mellom to byer som representerer hver sin ende av denne verdens virkeligheter.

Når jeg spør begge to om hvordan virkeligheten oppleves er også svarene forskjellig:

- Tøft å være i Asmara, tøffere enn antatt.
- Spennende å være i Dubai, bedre enn antatt.


Er det mulig å finne noe felles, har de noe å dele med hverandre disse kvemmingene – utenom barne- og ungdomsminner fra Kvam? Jeg utfordrer dem til å snakke om hva som er felles i så helt ulike livssituasjoner, siden

Bernt er på besøk i Dubai har nok han større muligheter til å se likheter ulikheter, mens Brigt opplever sider av Dubai som ikke Bernt umiddelbart ser.

Både Eritrea og FAE er diktaturstater, det er ikke likhet for loven, begge er gjester i landet og må vurdere verdien av å kritisere opp mot verdien av å være tilstede. Begge opplever maktesløshet i forhold til menneskelig nød de ikke kan lindre. Begge opplever å være aktører på arenaer som har betydning – og at politikk, økonomi, handel og menneskeretter er langt mer enn teoretiske interessante temaer. De er der ute hvor mennesker lever i verdner så langt fra hverandre at en burde fløyet en ekstra gang rundt jorda før en landet på flyplassen.

De kommer så nær inn på hva det er å være menneske. Fattigdom og krig har gjort et nesten helt eritreisk folk kollektivt deprimerte, håpløshet og motløshet får ansikter når Bernt forteller. På den andre enden av skalaen er det vi opplever i Dubai, håp og mot som mangler sidestykke, det er nok å høre Brigt fortelle om byggingen av verdens høyeste hus og at 25% av verdens heisekraner er i aktivitet i Dubai. Det er bare det at den tilsynelatende blendene utviklingen i Dubai har sine alvorlige baksider. De rike og de rikeste lever et liv i stor, kanskje ufattelig, luksus, mange er uten utdanning fordi det ikke finnes grunn til hverken utvikling eller det vi vil kalle normal jobb. I Dubai er det svært synlig at dette

- Store kontraster i Dubai, konstanterer Anne Skeie.



samfunnet ikke kunne levd slik de gjør uten ved hjelp av verdens fattige, spesielt fra sørøst Asia. Horder av mennesker som kommer inn til FAE for å søke lykken, og jobbe under dårlige forhold. Slavebegrepet har sine moderne ansikter i Dubai.

Og hvor er oppveksten fra Kvam i livet de lever nå? Det blir det en livelig diskusjon om, om høye fjell og lange fjorder og utferdstrang, om stahet og oppdragelsen til å klare seg sjøl. Om betydningen av de menneskelige verdier, og at både ekstrem fattigdom og ekstrem rikdom er i stand til å ødelgge kulturer.

"To ting vil eg be deg om, dei må du ikkje nekta meg før eg dør: Hald lygn og fals langt borte frå meg, og gjev meg korkje armod eller rikdom, men lat meg få den mat eg treng! Ellers kunne eg verta så mett at eg forneakta deg å spurde: "Kven er Herren? eller verta så fattig at eg stal og forbanna namnet åt min Gud." Ordtøka 30,7-9.

Visdommen er ikke ny, men den må oppdages av hver ny generasjon.

BRUVIK

Døpte:

15.10 Sandra Lohne Tvedterås

12.11 Magnus Revheim

Vigde:

09.09. Camilla Maria Sjøsvard og
Inge Magne Bruvik

Gravlagde:

29.09. Johanna Katinka Høylo (f.1924)

26.10. Alf K. Bruvik (1914)

HAUS

Døpte:

10.09. Ingrid Feidje Mjelde

22.10. Mona Giil Rolland (Bustad Bergen)

22.10. Viktoria Benedicte Gravelsæter Dyrseth
(Bustad Bergen)

19.11. Mira Kristin Øvre Helland

19.11. Fredrik Kalland

19.11. David Eriksson Mathisen

19.11. Elena Mostraum

19.11. Matilde Loftaas Vatlø

Gravlagde:

25.08. Gerda Hjørdis Rolland (f.1931)

12.09. Martin A. Vatlø (f.1918)

26.09. Arthur Mikal Mjelde (f.1921)

27.09. Jakob Ingvard Skjerping (f.1933)

07.11. Jenny J. Mjelde (f.1929) (Mjeldalen)

21.11. Turid Veland (f.1945)

GJERSTAD

Døpte:

10.09. Jonathan Bognøy Fotland

10.09. Eivind Hugnastad

Gravlagde:

07.09. Reidun Liv Hannisdal (f.1941)

13.09. Bertina Solberg (f.1915)

27.10. Eirik Flesland (f.1925)

01.11. Borgny Solberg (f.1909)

HAMRE

Døpte:

03.09. Amalie Nithoer Hustrulid

20.07. Even Simmenes Fotland (Tilhøyrer
Gjerstad)

15.10. Magnus Skaar Andersen

05.11. Fredrik Lone Hansen (Tilhøyrer Gjerstad)

05.11. Aksel Habbestad Skaar (Busett Ålesund)

Vigde:

30.09. Monica Eidsheim Eide og Knut Magne
Hauge

Gravlagde:

19.10. Leiv O. Tepstad (f.1919)

10.11. Camilla A. Ellefsen (f.1916)

14.11. Kornelius August Abbedissen (1913)

17.11. Randi Bleikli (f.1930)

HOSANGER

Døpte:

03.09. Niklas Kallekleiv

03.09. Eivind Norstrand Tysse

22.10. Joakim Lone

Gravlagde:

03.10. Kjell Bjørsvik (f.1934)

17.10. Reidun Marie Bjørndal (f.1945)

31.10. Øyvind Gudmundsen (f.1913)


31.10. Ingeborg Alice Bysheim (f.1914)

03.11. Ingeborg Markussen (f.1911)

03.11. Oddrun Vevle (f.1916)

08.11. Åsmund Frank Løtveit (f.1928)

Kyrkjeverja informerer



Hosanger Kyrkjegard

Vi har tidlegare informert om utvidinga av Hosanger kyrkjegard. Å utvida ein kyrkjegard eller anlegga ein ny er ein omfattande prosess som tek tid. Når det gjeld arbeidet med utvidinga er vi komne så langt som vi kan, ved at vi fekk inn anbod frå fire entreprenørar 09.11.06 og i løpet av nokre veker vert det klart kven som får arbeidet. Vi vonar at vi klarar å halde tidsskjemaet slik at vi er ferdige med utvidinga slik planen var i mars/april 2007.

Samstundes som det arbeidet pågår,



Frå Hosanger kyrkjegard

førebur Fellesrådet gjenbruk av eldre gravfelt både på Hosanger og Gjerstad kyrkjegardar. For Hosanger gjeld det felt D. Det går i desse dagar ut brev og informasjon til dei pårørende med spørsmål om dei ynskjer å feste grava etter fredningstidas utløp.


I løpet av det året vi har arbeidd med desse tiltaka, har vi hatt svært mange dødsfall i soknet. Det betyr at vi pr.

dags dato ikkje veit om vi har nok gravplassar fram til at vi kan ta dei nye områda i bruk. Dette er sjølvsagt avhengig av kor mange dødsfall vi får frametter. Fellesrådet vonar sjølvsagt at vi ikkje kjem i den situasjonen at det vert fullt på gravplassen og at vi må nytta andre gravplassar i kommunen.

HAMRE KYRKJE- ALARMANLEGGET:

I tidsrommet 15 oktober til 10 november har vi hatt problemer med sireneanlegget som varslar brann i Hamre kyrkje. Dette har løyst seg ut uten at det har vore brann. Vi har no funne feilen.

Fellesrådet beklager det inntreffe, spesielt når alarmen gjekk før kl. 6.30 tysdag for nokre veker sidan. Vi kan elles informere om at vi no om dagane arbeider med planane for å byta takstein på kyrkja neste sommar. Vi vonar samstundes at vi kan få på plass økonomien, slik at vi kan få montert eit stasjonert brannsløkkingsanlegg i kyrkja.



Ein sumar er til ende

Så er då denne sumaren til ende. Ein sumar av det gode gamle slaget, som me eldre brukar å seia. Ein sumar som enno prøver overleva også siste septemberdagane. Men no er han her snart, hausten. myrkret, regnet og stormane.

"Det er haust, det ruskar ute, med regn og kalde vind.

Småfuglen flyg mot rute og vil så gjerne inn.

Men under ovnen god, der ligg han "Monsemann" og kviler trygt i ro."

Slik såg diktaren på hausten, tung for nokon og god for andre.

Eg og dei fleste som vaks opp på ein liten gard er som "Monsemann", me likar hausten. Når løa var full av hø, kornet kome i lad, potetene i kjellaren, kyrne i nyvaska fjøs og sauene sankar, då var alle på garden glade. Det gjekk bra i år og, me hadde berga det me trong før den fyrste snøen. No er ting vorte noko onnorleis. Det er ikkje så mange som tenkjer på årets avling. Viktigare er tilstanden på vinterdekkja for eigen bil, og kjerringa sin bil, at båten ligg trygt på hamna og slike ting. Maten kjem frå Rema 1000 uansett ver og vind.

Men enno er her nokre "stabeisar" att, som reiser til fjells og sankar sauer. Som med hjelp av

slekt og vener hentar heim desse strie ulldottane frå dal og hei. Me gjer det fordi me likar fjellet, slik som diktaren Olav Nygard skriv:

"Til fjells til høgd og vidd, det er mi trå.

Til topp og tind, or låge lymne dalar.


Til fjells der bekken gret og vinden svars, der ørnen ror i reine himmelblå."

Sauesanking er sosialt samvær i ei heller strevsam form der ein kavar seg opp lia, over kanten, og ser rova av sauene ein meinte å ha sett ein heilt annan stad. Og det sosiale kjem frå sankeradioen og lyder slik: "Har du sett noko? Ikkje eg hedl. Får sjå bortom på hi sida."

Men sauene kjem heim. Det er haust, og dei skal heim. Og til våren er eg sikker på at ungdomane seier: "Du skal no vel oppatt i år og."

Det skal me om beina vil vera med.

Hausten er tida då statsbudsjettet vert lagt fram. Me vil så gjerne ha litt meir enn i fjor, og det får me. Men så vert det me fekk henta innatt ein annan stad, og så har me det like godt, eller like dårleg, etter som ein ser det. Me kunne vel hatt det endå betre, men for berre vel hundre år sidan var landet vårt av dei fattigaste i Europa, så det har no gått rette vegen materielt sett. Men me har mist noko på vegen. Alle dei einsame, dei som er utanfor, som ikkje høver i systemet, for dei er det haust heile året. dei treng gjerne noko anna enn meire oljepengar. Dette med oljepengar er litt vanskeleg å skjønna for vanlege folk, som så mangt anna.



av Olav Greve

Kvifor kan ikkje noko få vera att, kvifor må alt opp no, når det berre skapar inflasjon. Men eg er vel for dum, som han sa mannen, som dreiv ein særers vellukka forretning. "Eg har ikkje så mykje greie på renter og slikt, sa han, men får eg att ei krone for kvar utlagt tiøring, så går det rundt."

Me lever i eit godt land med god plass til oss alle, og eg kjenner meg ganske sikker på at dei unge som no veks opp og snart overtek styringa av landet, vil føra makta attende til folket, og ikkje la svartkledde ravnar med fine slips selja land, hus og tomtar til prisar som berre er til for dei få. Ei ordtak seier at "ein skal aldri sko seg på andre sitt elende." Det er det altfor mange som får lov i dag, og det må det verta slutt på.

Så må også dette ta ein ende, og eg overlet atter siste linjene til diktaren Olav Nygard.

No rikjer hausten på livsens torg og samlar føde av årsens grøde i bud og borg.

No trakkar hausten med breie skor på alle blommar som trur dl er sumar med sola glør.

Salmar frå skattkista

Vi er heldige her i landet som har arva ein rik sang- og salmeskatt! Måtte vi berre halda dei i hevd, så neste generasjonar og kan finne hjelp og glede der! For valet mitt i dag må eg vise til Einar Lundby. Han hadde m.a. godt utvikla den nådegåva at han både hørde, forsto og var villig til å gjera det Gud ba han om. Som denne gongen: Gud sa han skulle gå opp i skogen å synge VELT ALLE DINE VEIER... Han undra seg på vitsen der han sto og song for trestammene, men ei stund etter banka det på døra hans. Der sto ein mann som ville takka Lundby for han hadde berga livet hans! Han hadde gått opp i skogen den dagen for å gjere det slutt på livet som var blitt så utruleg vanskeleg. Brått hørde han nokon som song:

*Velt all din veg og vande og all din hjarteverk
på Far i livsens lande, han har ein arm så sterk.
Han som kan stormen binde og bryte bylgja blå,
han skal og leia finne, så du kan hamna nå.*

*På Herren du deg stydje, om det deg vel skal gå!
Han veg for deg skal rydje, så du ditt mål kan nå.
Med sut og sorger såre du like fattig gjeng;
men be om barnekåret, så får du alt du treng.*

*Mi sjel, miss aldri modet om skodda trugar svart!
Det renn ei morgonrode, ei fager dagning snart.
Du lide må og tole enno ei lita stund,
det berre er ein mole, så ljøsna himlens grunn.*

Kvar gong eg syng salma tenker eg på denne hendinga, og legg dermed ekstra merke til innhaldet i teksten. Den har 12 vers, men les gjerne heile!
Du finn henne på nr 461 i Norsk Salmebok.
Salma er etter Paul Gerhardt frå 1653. Seinare omsett av M B Landstad (1861) og Anders Hovden (1923)

Eg utfordrar Magnhild Vonheim til å velja salme neste gong.

Tora Vikesund

Soknepresten har ordet

Ei open kyrkje


Kyrkemøtet 2006 hadde som motto: *Ei open kyrkje*. Den norske kyrkja har som mål: Ei misjonerande, tenande, vedkjennande og open folkekyrkje. I år vart det sett fokus på dette å vera ei open kyrkje.

1. Det vil seia at kyrkja ikkje berre er for dei fåe. Alle som vil vera med, er velkomne til kyrkja. Ingen vert spurt etter kor mykje dei trur, når dei kjem til kyrkje. Somme kjem med tvil. Både er det mangt i kristentrua som ikkje er lett å godta for forstanden, og det er mangt i kyrkja som er

vanskeleg å godta. Open kyrkje vil seia at alle er velkomne til kyrkja.

2. Kyrkja er kyrkje. Og kyrkje tyder: *det som høyrer Herren til*. Me trur at kyrkja vår er ei Jesu Kristi kyrkje, som er mykje større enn Den norske kyrkja. At kyrkja er open er ikkje det same som at kyrkja manglar tak og vegger, dvs. rammer. I kyrkja er det den kristne trua som gjeld. Og slik det er ulike menneske, er det også ulike måtar å målbera den kristne budskapen.

3. No er det snart jol, og då vert det demonstrert at me har



ei open kyrkje. Alle er velkomne til kyrkja. Og hugs: kyrkja har me fordi Gud fann veg til menneske i gjennom Jesus. Innhaldet i jola er innhaldet i all kristen tru gjennom heile året !

J.M.

Nedbemanning i Osterøy kyrkjeleg fellelsråd

På ei samkome på kyrkjekontoret tysdag vart fem personar takka for tenesta dei har gjort i Osterøy kyrkjeleg fellelsråd.

Det er økonomien som gjer at fellelsrådet har måtte seie opp klokkarane, og det er nok den same økonomien som har vore utslagsgjevande for dei arbeidstakarane som har sagt opp sjølv.

Med dette er fellelsrådet sin arbeidsstokk redusert frå 5,54 til 4,51 årsverk i løpet av 2006.

På biletet, frå venstre: Jenny Eikeland har vore klokkar i Hamre, Agnar Mjøs har vore kyrkjetenar i Hosanger, Øyvind Veyle har vore



klokkar i Gjerstad, Halldis Borge Midttun har vore kontorsekretær, Wenche Fiskeseth har vore klokkar i Bruvik.

Morgonbøn

frå Aslaug Låstad Lygre si diktsamling

Takk for svevn i myrke natt.

Takk for dag som no kjem att.

Styrk min tanke, før min fot, gjev meg krefter, tru og mot til min dag og til mitt yrke, lei meg, råd meg - gjev meg styrke.

Hjellvik barnegospel

Hjellvik barnegospel er eit kor for barn mellom 5 og 13 år. Me held til i Hjellvik bedehus og har øving annankvar onsdag ettermiddag frå kl. 17.30 til 18.30.

Koret er tilslutta Hjellvik søndagsskule. Hovudmålet for dette koret er å vera ei støtte for foreldre i å oppdra barna i

den kristne trua. Me ønskjer også at barna skal få oppleva glede og fellesskap gjennom song og musikk.

Kvar øving startar med 1/2-times songøving. Deretter har me andakt i 5-10 minutt, og til slutt ein lek som inkluderer alle.

Leiarane for Hjellvik Barnegospel er: Synne A. Mjelstad (piano), Anne grethe Uthaug og Helga Askeland Mjelstad.



Julesong

av Ester Mæhle



Du kom som ordet til vår jord
vart fødd i stallen låg.
Og blomar vaks der ordet gror
dei venaste eg såg.

Du kom som under til oss ned
av kjærleiks gyldne sol.
Du kom med bod om fryd og fred
frå Himlens nådestol.

Du kom som rådgjevar til dei
som vill i verda gjekk.
Du lyste gjennom skodda lei
til livsenes løynde bekk.

Ein veldig Gud Du synte oss
ein eld mot synd i sinn.
Du bar vår skuld opp på ein kross
braut veg til Himlen inn.

I audmjuk takk me vegen går
til stallen inn på ny.
Må freden me der inne får
velsigna bygd og by.

